

Informasjon til nye brukarar av TT- ordninga i Møre og Romsdal

TT- ordninga, tilrettelagt transport for funksjonshemma, er eit tilbod om dør til dør transport, hovudsakleg med drosje. Ordninga er for personer som på grunn av si fysiske eller psykiske funksjonshemming har problem med å reise med ordinær kollektivtransport. Ordninga er meint å dekke fritidsreiser, men kan og brukast på andre typar reiser så lenge dei ikkje blir dekt gjennom andre offentlige ordningar. Ordninga skal til dømes ikkje brukast på reise til/ frå lege eller sjukehus, den er heller ikkje meint til å erstatte tap av førarkort. TT- ordninga er ikkje ein lovfesta rettighet, men er eit tilbod som fylkeskommunen, gjennom sitt årlige budsjett, tilbyr sine innbyggjarar.

Kortet

Vedlagt dette brevet finn du eit elektronisk TT- kort. Kortet skal brukast som heil eller delbetaling for transport med drosjer. Kortet fungerer som eit bankkort, men utan kode. Kortet er personleg og er påført navn og brukarnummer. Det skal derfor ikkje overførast til andre og skal brukast saman med godkjent legitimasjon. Kortet er først og fremst til bruk innafor Møre og Romsdal fylke, men kan og brukast utanfor fylket.

Reisekonto

Kortet er knytt opp mot ein personleg reisekonto. Beløpet på kontoen vert automatisk fylt opp to gonger i året, 1. januar og 1. juli. Saldo på kortet vert nullstilt ein gong i året, dette skjer før ny tildeling 1. januar. Dersom kontoen er overtrekt i ein periode, vil dette komme som fråtrekk frå tildelinga i neste periode. Vi opplyser med dette om at **det blir satt inn kr på kortet** som er gyldig frå no. Vi opplyser også om at tildelt beløp kan variere frå år til år basert på fylkeskommunen sitt budsjett. Vi oppfordra difor til at du sjølv kontrollerer din saldo ved neste tildeling.

Brukarnummer

Ditt brukarnummer er:

Passord:

Saldo på kortet

I dei fleste drosjar vil saldo på kortet framkomme direkte ved å trekkje det gjennom drosjane sitt taksameter. Du kan også sjølv kontrollere saldo ved å:

Ringje sentralbord:	35 58 60 40	Bemanna 24 timer i døgnet, kvar dag.
Sende SMS:	90 36 70 00	Send: ttkort « <i>ditt brukarnummer</i> »
Internett:	Gå inn på www.ttkort.no og tast inn ditt brukarnr.	

Egen brukarside

Ved å logge deg på di eige side på internett kan du sjå all informasjon som er registrert på deg samt alle turane dine. Gå til www.ttkort.no og velg fanen «TT- brukere», her kan du logge deg inn med brukarnummer og passord som oppgitt i dette brevet.

Tap av kort eller skade på kort

Dersom kortet blir skada eller du mistar kortet, skal dette meldast inn snarast mogleg ved å ringe 35 58 60 40 eller du kan ta kontakt med saksbehandlar i din bustadkommune. Gammalt kort vil då bli sperra og du vil få tilsendt nytt kort. Kostnaden for nytt kort vil bli belasta din brukarkonto.

Du finn meir informasjon om TT- ordninga på:

<https://mrfylke.no/Tenesteomraade/Samferdsel/TT-ordninga>